

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 01.06.2017

Referatsak RS 9/17 Opplæring i teiknspråk i dei vidaregåande skulene i Hordaland fylkeskommune, vart referert.

Referatsak RS 10/17 Orientering om status for rekneskap/budsjett pr. 31.05.17 vart referert.

Inger Sjøngh (H) ønska at postene i regnskapet vart meir spesifisert. Ho stilte og spørsmål om utgiftene til turane til Danmark og Ålesund var teke med regnskapet.

Referatsak RS 11/17 Oppsummering av Landsmøte for eldreråda i Ålesund den 22. – 24. mai 2017, vart referert. Monrad Reigstad såg det som positivt at eldreråde frå fylka, hadde mogelegheit til å kome med innlegg på møtet. Odd Himle fann konferansen bra, men syntest og det var mykje utflukter og mykje tid som gjekk bort i ingenting. Kåre Ystanes fann at konferansen var bra, men konferansen på Lillehammer var betre.